

**Bjarte J Skintveit**  
**Rosslandsvegen 1240**  
**5917 Rossland**  
**mob 450 66 764**  
**e-post b-bass@online.no**

**Steinberget 04.06.18**

**Statens vegvesen**  
Postboks 43,  
6861 LEIKANGER  
Sendt: [firmapost-vest@vegvesen.no](mailto:firmapost-vest@vegvesen.no)

**Merknad til oppstart av planarbeid fv. 564 Fløksand–Vikebø. Saksnummer 16/51017.**

Vi er ein familie på to som bur i Rosslandsvegen 1240 g-brn 43/7. Vi jobber som hjelpepleier i heimetjenesten og med eige firma med persontransport og utleige av to hus. Gården vert dyrka og slått til dyrefor, og har vorte dyrka i generasjoner. Gården ligg ved det idylliske Rylandsvassdraget. Hovudvegen går 10 meter frå huset vårt og deler gården i to. Vi har hus på begge sider og må krysse vegen for daglige gjeremål, - kryssing med grasklyppar eller traktor-redskap og gravemaskin er rissikabelt - det same er av og påkjøring med bil. Vonde minner om ulukker heng i - utallige utforkjøyringar og møteulukker. Vi har og opplevd dødsulukke i svingen framfor huset - det gløymer ein aldri. Vi lever i redsle for den neste ulukka. Store kjøretøy som passerer fører til risting i huset. Når kjøretøy bråbremsar så skvett vi og pulsen aukar på. Vegen er ei stor ulempe for oss og vi ønsker at den vert flyttet vestom Steinberget.

Når ny veg vart lansert fekk vi eit håp om betring og vi var glade for at det i silingsrapporten var tatt med fleire alternative trasèer forbi Steinberget. To av alternativa er likestilte når det gjeld ikkje prissette tema, men utviding av veg vert anbefalla på grunn av at ein trur dette vert billegare. I høve dette vil vi påpeika ein feil i silingsrapporten der det står at Alternativ B3 "tek lite fulldyrka mark." Me kan ikkje sjå at alternativ B3 tek noko fulldyrka mark. Dette alternativet ligg fullt og heil på utmark med stort sett fast fjell og vert og rekna å ha gode grunntilhøve i følge silingsrapporten.

Å oppgradere hovudvegen gjennom bygda er ei avgjerd for framtida. En slår då fast kvar framtidas gjennomfartsåre skal gå. Det er viktig med fremtidsretta vurderingar. Det er svært uheldig dersom framtidas gjennomfartsåre vert liggande over landbruket og nær husa våre. Vi er redd vi kan koma i den situasjonen at hus og driftsbygninga må flyttast.

På bakgrunn av tall frå Statens vegesen frå 2016 antar vi dagens trafikk gjennom Steinberget tilsvarer i snitt 2 bilar pr minutt. I Rush-trafikken er det ein kontinuerlig straum med kjøretøy - ein samanhengande dur. Korleis utviklar dette seg i framtida? Auke i utbygging av boliger og industri i Rosslandskrinsen vil hurtig gje ein dobling av trafikken. Kan det på lengre sikt vera snakk om å utvida vegen til 4 kjørefelt? Kva med kjøremønsteret når ny tverrveg tvingar seg fram? Med bru mellom nordre del av Radøy, Meland og Askøy vil det kanskje verte raskare for dei nord på Radøy og Askøy å kjøre over Holsnøy når dei skal til/frå Åsane/Bergen.

Vi på Steinberget gård vil ikkje stille vår landbrukseigedom til disposisjon NÅR DET FINNS EIT ALTERNATIV SOM ER BETRE.

Dersom økonomi er så viktig så vil vi anbefalla at det vert gjeven dispensasjon til å bygge ny veg utan gang og sykkelveg. Dei fleste som ferdas her bur langs dagens veg og har ikkje bruk for å gå eller sykla langs den nye trasèen. Mjuke trafikanter som ferdes i området ønsker stille og fredelige omgivelser, og då vil dei velge vegen som har minst trafikk.

Det er fleire ulemper ved å utvida eksisterande veg:

Den kommunale vassledingen som ligg langs vegen må kanskje flyttes.

Øvrig trafikk under anleggsarbeidet - omkjøringsvegar? Det må tas hensyn til våre to uteleigehus og det må alltid være åpent for ferdsel til og frå alle husa. Sjølv driv eg eit foretak med persontransport og må ikkje hindras i faste oppdrag.

Grunntilhøva - det er tvil om den gamle vegen kan brukast. Gammal asfalt er spesialavfall og kan ikkje gravast ned.

Mange avkjørsler må planlegges på begge sider av vegen til hus, hytte og landbruk.

Alle hus og hytter må skjermes mot støy frå den ferdige vegen.

Vi vil kreve undergang eller overgang for å lette kryssing av veg til fots eller med maskiner, mellom bygninger og eigedom.

Å drive landbruk som ligg tett på hovudveg er slitsomt. Ein kan nevne støv problematikk, fare og skremsel for dyra, trafikale problem ved kryssing.


Vi har verksemdu knytta til garden, - langtidsutleige av hus og hytte der stille natur er eit kvalitetstempel. Hytta ligg særleg idyllisk til ved ein arm av Rylandsvatnet. Hytta vil få fri sikt til den nye trasèen utanfor Fløksand. Då vil hytta i større grad verte berørt av støy frå trafikken. Skal vegen fortsatt gå gjennom gårdane på Steinberget så vil dette bety ein stor forringelse for denne idylliske plassen.

I kommuneplanen er det planlagt eit industriområde mellom Steinberget og golfbana rett ved der ny trasè vestom er lagt. Dette industriområdet er avhengig av ny veg for å kunna byggast. Folk me snakkar med er enige med oss i at vegen må kome vestom. Vi meier det er ein framtidsretta løsning, som kan sikre veg og infrastruktur til nytt industriområde, gje ny veg til golfanlegget og fremtidig utbygging/hotell mm, gje ny veg til Beitingen og Søre Eikeland også med tanke på ny tverrveg med bru Askøy - Eikeland. Vel ein å utvide eksisterande veg, kan ein enda opp med ny veg på begge sider av Steinberget.

Ved å no velge ny trasè vestom vernar ein om eit opparbeidd landbruk gjennom generasjonar og me får ein stille bygdeveg til mjuke trafikanter, som og kan brukast til reserveveg. Å trekka fram Hundetjørna som eit særskild vanskelig område er meiningslaust - berre med ein justering på 20 meter lenger nord ligg trasèen utanom myra.

Vi må berre håpa at dei ansvarlege gjer eit fremtidsretta veivalg. Noko anna vil være tragisk for vår framtid - og for alle dei 15 som i dag bur på Steinberget, eller dei som tenker på framtidig landbruksdrift her.

Bjarte J Skintveit



Randi Skintveit

